

Retningslinjer for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne



1. Heimel

Kommunestyret vel medlemmer til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

2. Føremål

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ i kommunen.

Rådet skal jobba med eit breitt utval av saker som er knytt til FN-konvensjonen om rettar til personar med nedsett funksjonsevne, CRPD. Det er mange saker i ein kommune som angår personar med funksjonsnedsetting. Spesielt vil det gjelde saker om likestilling, likeverdig tilgang til kommunale tenester og saker om universell utforming/tilgjenge.

3. Samansetjing

Rådet skal ha i alt ha 7 medlemer; 2 representantar frå kommunestyret og 5 representantar frå organisasjonar som representerer personar med funksjonsnedsetting. Det er viktig å få med alle hovudgrupperingar. Det skal veljast vararepresentantar blant politikarane og organisasjonane.

Rådsmedlemmene si funksjonstid følgjer kommunevalperioden.

4. Oppnemning

Rådet blir vald av kommunestyret. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar. Representantar for organisasjonar som representerer menneske med funksjonsnedsetting vert oppnemnd etter forslag frå desse, og skal veljast blant følgjande hovudgrupperingar:

- Rørslehemming
- Høyrselshemming/Synshemming
- Utviklingshemming
- Skjult funksjonshemming

5. Rådet sine oppgåver

Rådet skal arbeida med å realisera eit samfunn for alle innbyggjarar i kommunen. Rådet arbeider i hovudsak med områda:

- Likestilling
- Tilgang til tenester
- Universell utforming

Rådet skal haldast løpande orientert om aktuelle saker som er under arbeid i kommunen.

Einingane skal samarbeida med rådet om dei aktuelle sakene dei har eller skal ha til handsaming. Rådet skal sjå til at brukarane sin erfaringskunnskap blir teken med i saks og planprosessen.

Sakene skal leggjast fram for rådet på eit tidleg tidspunkt i saksgangen.

Rådet kan sjølv ta opp saker som medlemmene meiner er viktige for funksjonshemma.

Rådet kan driva informasjonsarbeid overfor kommune og fylkeskommune, statlege etatar, organisasjonar o.a.

Rådet bør ta initiativ til betre samarbeid og samordning mellom kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar i saker av interesse for funksjonshemma.

6. Rådsmedlemmene sine pliktar og rettar

Som rådsmedlem blir du rekna som folkevald på lik linje med andre som sit i folkevalde organ.

Medlemmene i rådet har både rett og plikt til å delta i møta i rådet, det tyder at dei må koma på møta i rådet med mindre dei har gyldig grunn. Gyldig fråvær er for eksempel sjukdom eller reise.

7. Sekretariat og økonomi

Kommunen har ansvaret for dei administrative funksjonane for rådet, som sekretærfunksjonen.

Og her er noko av det som kan ligg under dette:

- Praktisk tilrettelegging og førebuing av møta
- Praktisk gjennomføring av møta
- Førebu saksliste og saksdokument og sende ut innkalling
- Føra referat frå rådsmøta (i protokoll/møtebok)
- Syte for at rådet får naudsam opplæring
- Syte for at rådet får naudsam oppfølging undervegs
- Vere støttespelar og rettleiar for medlemmene i rådet

Rådsmedlema har krav på godtgjering for arbeidet i rådet (kommuneloven § 8-4). Det er kommunestyret som fastset godtgjeringa.

8. Møte

Det er opp til rådet sjølv å bestemma kor ofte det skal ha møte.

Rådet skal ha møte dersom minst eitt av vilkåra under er oppfylt (kommunelova § 11-2):

- Rådet sjølv vedtek det
- Leiaren av rådet meiner det er naudsynt
- Minst 1/3 av medlemmene krev det

Det blir kalla inn til møte med rimeleg varsel.

Rådet skal utarbeida årsmelding kvart år. Årsmeldinga skal leggast fram for kommunestyret.

Møta i råda skal vere opne for offentlegheita og møteinnkallingar og møteprotokollar skal ligga på kommunen si heimeside.